



Paret frå fotballbyen Dortmund jublar over sigeren som dei opplevde i fjor via TV-skjermen i Uskedalen. Tove Høgemark var med og jubla.

Christa og Lothar Hannuschka i Dortmund er utruleg trufaste feriegjester i Uskedalen og like trufaste lesarar av nettavisa uskedalen.no i samband med at vi har gjeve ho ny bunad har dei sendt oss denne hyggjelege helsinga:

Vi ynskjer dykk all lukke i det nye året.

Starten er lovande med det vakre panoramautsynet over Uskedalen.

Nesten kvart einaste år nyter vi denne utsikten.

Også dette året vil vi tilbringe campingferien vår på Rabben. Vi gler oss til eit nytt møte.

Særleg helsar vi Ola Matti Mathisen og Kristian Olav Bringedal.

Diverre har stormen gjort store skadar hjå dykk.

Christa og Lothar

Tekst, omsetjing, foto og nett: Ola Matti Mathisen